



Mona Vetrhus (til høgre) og Kari Malmanger opptre saman på Undarheim gard i februar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingen Mona Vetrhus, journalist og lyriker, skriv til kommunen at å få kulturstipendet i fjor var veldig viktig økonomisk, men enda meir fordi "det gav oss tru på oss sjølve som kulturaktørar!" Ho takkar kommunen for "uvurderlig støtte".**

Etter stipendutdelinga har vinnarane frå 2006 funne tonen og danna gruppa SPINDELMJUK. Gruppa er ulike kunstformar spunne saman. Trioen er Kari Malmanger med song, Mona med dikt og Camilla Fonneland med maleri.

Saman har dei halde forestillinga "I spor av ord" på Undarheim gard på Husnes under Kvinnherad kulturfestival i februar i år og dessutan blitt vener og støttespelarar for kvarandre.

- Eg har og hatt opplasing av dikt i samspel med gitarist Gjermund Fredheim i Uskedalen, noko som også var veldig kjekt, skriv Mona.

Ho jobbar framleis med diktsamlinga, men i og med at ho kom inn på Nynorsk mediesenter, der det er mange søkjarar og få plassar, har ho måtte satsa full tid på det sidan januar. Og no har ho fått vikarjobb i NRK P2 og har det førebels veldig travelt.

Men framleis har ho 15.000 kroner att og planlegg å ta ein månad med finpussing på boka så snart det lar seg gjera i forhold til jobb.

Av Ola Matti Mathisen



Mona er no i vikarjobb i NRK og har det veldig travelt.